

50 år sidan det sist var mjølkekyr på Leite.

03.08.2020



14 kyr vert mjølka med eit mobilt mjølkeanlegg i påvente av modernisering av flor for lausdrift og robot på Kjærland.

Det er 50 år sidan Emma og Johannes Kjærland hadde mjølkekyr på Leite. No er 14 kyr på plass i båsane sine i det som var eit redskapshus, ei mellombels løysing i påvente av at flor laga til for lausdrift med robot er klar på Kjærland. Det er Hans Reidar Kjærland som investerer stort i landbruket for å gjera alt meir effektivt og rasjonelt ut frå dagens krav til dyrevelferd og drift.

Kjærland har totalt 25 kyr og ein mjøkekvote på 230 000 liter. Dyretalet og kvoten vil ikkje auka noko særleg etter utbygging og modernisering. Det vert som før, men drifta vert mykje betre. Målet er maks effektiv drift og mjøkemengde på det dei ressursane han har i dag, både når det gjeld grasareal, dyretal og kvote.

Arbeidet med moderniseringa på Kjærland tok til i denne veka og vil halda fram til i slutten av september månad. I mellomperioden må han mjølka ei og ei ku med eit mobilt mjølkeanlegg. Det er arbeidskrevjande og tek mykje tid. Faktisk brukar han 5 timar morgon og kveld på fjøsstellet. Det går ein time til måking og klargjering. Så brukar han tre timar på sjølve mjølkinga og ein time til foring og etterarbeid.



I disse båsane skal det koma ungdyr og gjeldkyr. All innredning med måkeanlegg, vifte, leddlys og verstyrt gardin er på plass. Den nye fjøsen på Leite skal eigentleg brukast til ungdyr og gjeldkyr. Det er montert nytt måkeanlegg, ny møkakumme, nye båsar med liggeunderlag, vifte og leddlys. Gjøselstanken tek 800 kubikk og skal brukast både for drifta på Kjærland og på Leite.



Mjølkinga er ferdig. Det er tid for grovfor.

Det er ein så kalla kaldfjøs, uisolert. Det sirkulerer vatn og det er montert varmekablar der møka går ut, dette for å unngå frysing. I heile langveggen mot elva kjem det gardin, styrt av ein verstasjon på taket. Hans Reidar Kjærland er godt nøgd med arbeidet som er gjort så langt. Det meste har gått etter oppsett plan og framdrifta har vore god.

Det er Ola Haugland i Felleskjøpet Rogaland Agder som har teikna og prosjektert. Nesvik Landbruksbygg har hatt arbeidet med forskaling og betong. Alt maskinarbeid er gjort av Musland Maskin. Elektro: Ølve Elektro. Røyr: Uskedal Røyr og Multiservice. Innredninga er levert av DeLaval.

Uskedalen.no kjem tilbake med ny artikkel når alt er på plass slik det er tenkt, både på Kjærland og på Leite.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal / Hans Reidar Kjærland



Bilete syner arbeidet med ny gjødselkum i juni månad. Nesvik Landbruksbygg har gjort arbeidet med forskaling og betong.